

REGULERINGSFØRESEGNER TIL DETALJPLAN FOR E39 HOVDEN-OSBORG I ØRSTA KOMMUNE

Planforslag datert: 19.06.2018

Dato for siste revisjon av plankartet: 19.06.2018

Dato for siste revisjon av føresegnene: 20.08.2018

Dato for godkjenning:

PlanID: 2015001

§ 1 AVGRENSING OG FORMÅL

1.1 Planavgrensing

Reguleringsplanen omfattar reguleringsføresegner og reguleringskart i målestokk 1:1000.

Regulert område er vist med reguleringsgrense på reguleringskartet. Reguleringsføresegnene gjeld for dei områda som ligg innafør plangrensene.

1.2 Planen sine føremål

Føremålet med reguleringsplanen er å avklare plassering og utforming av gang- og sykkelvegar, tilkomstvegar, kryssingspunkt, busslommer, støytiltak og tilgrensande areal.

1.3 Arealføremål

Området er regulert i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) § 12-5 til følgjande formål:

§1: Bygningar og anlegg (pbl § 12-5, punkt 2)

Bustadar konsentrert småhus

§ 2: Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5, punkt 2)

Køyreveg (SKV)

Veg (avkøyrslar) (SV)

Fortau (SF)

Gang- og sykkelveg (SGS)

Annan veggrunn – grøntareal (SVG)

Kollektivhaldeplass (SH)

Kombinerte samferdselsanlegg (SKF)

§ 5: Landbruks-, natur og friluftsføremål (LNF) (pbl § 12-5, punkt 5)

Landbruksføremål (LL)

§ 6: Bruk og vern av sjø og vassdrag (pbl § 12-5, punkt 6)

Naturområde i sjø og vassdrag (VN)

Friluftsområde i sjø og vassdrag (VFR)

1.4 Omsynssoner (i samsvar med pbl § 12-6), sjå § 7 i desse føresegnene.

Faresone (H370) (pbl §11-8a)

Frisiktsoner (H140) (pbl §11-8a)

Vidareføring av reguleringsplan (H910) (pbl §11-8f)

1.5 Områdeføresegner (i samsvar med pbl § 12-7, punkt 1), sjå § 8 i desse føresegnene.

Mellombels anleggs- og riggområde (MRA1)

§ 2 FELLESFØRESEGNER

2.1 Generelt

Køyreveg, fortau, gang- og sykkelveg og kollektivhaldeplassar skal utformast i samsvar med gjeldande vegnormalar med material av god kvalitet og ha ei estetisk god utforming.

- a) Faseplan for gjennomføring av tiltaket skal foreligge før igangsetting.
- b) Belysning skal vere i henhold til vegnormalen og dokumenterast med lysberekning.
- c) Det skal utarbeidast YM-plan som avklarar korleis nærmiljø og naturmiljø skal ivaretakast.
- d) Det skal ved behov utarbeidast plan for handtering av framande planteartar i anleggsperioden slik at spreiring vert unngått og bekjemping vert fremja.

2.2 Støy – støyskjerming

Føringane om støy i anleggsperioden (kapittel 6) og føringane for miljø- og trafikksikringstiltak i «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016)» er lagt til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen.

Det skal byggast ein 3 meter høg støyskjerm nord for E39 frå profil 6360 til 6700 som vist i plankartet. Støyskjermen skal vere absorberande.

Støytiltak skal ferdigstillast samtidig med dei andre tiltaka i reguleringsplanen for aktuell delstrekning.

2.3 Universell utforming

Prinsippa for universell utforming skal nyttast for alle gangareal og areal for kollektivtrafikk i samsvar med gjeldande krav og retningslinjer. Statens vegvesen si handbok V129 «Universell utforming av veger og gater» er lagt til grunn for utforming av reguleringsplanen.

2.4 Byggjegrense samt avkøyrslar til offentleg veg

Byggjegrense langs veg følgjer av veglova § 29 andre ledd, der ikkje anna er vist i tilgrensande planar.

Det kan ikkje tilknyttast andre kryss eller avkøyrslar enn dei som er vist på plankartet. Avkøyrslar frå E39 skal byggjast og drivast i samsvar med gjeldande vegnormal (handbok N100 «Veg og gateutforming») og forskrifter til § 43 i veglova.

2.5 Kulturminne

Dersom det i samband med utbygginga blir oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stansast i den utstrekning det rårar kulturminnet eller sikringssonen på 5 meter. Det er viktig at dei som utfører arbeidet i marka blir gjort kjent med denne føresegna. Funn skal straks meldast til Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. § 8, 2. ledd i lov om kulturminne.

§ 3 BYGNINGAR OG ANLEGG

3.1 Bustadar konsentrert småhus (BKS)

Føresegnene for tilsvarande føremål i tilliggande plan vil vere gjeldande for området.

§4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.1 Køyreveg, offentleg (o_SKV)

Areal merka SKV kan nyttast til køyreveg, vegskulder, kryssområde, oppstillingsfelt og rabattar. Vedlikehaldet skjer i samsvar med pkt. 9 i «Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg».

Vegane skal opparbeidast med linjeføring og breidd som vist på plankartet.

Vegane skal ha høgder og vertikalkurvatur som vist på C- og D-teikningar vedlagt reguleringsplanen +/- 1 m.

Kryss mellom SKV1 og SKV5 er ei mellombels løysing. Når tilgrensande areal vert regulert, skal framtidig vegsystem avklarast i den tilgrensande reguleringsplanen. Eigedomane i området må då få tilkomst frå sekundært vegsystem.

4.2 Veg (SV) og avkjørsler (markert med pil)

Private avkjørsler:

Avkjørsel 1 – avkjørsle for 51/25

Avkjørsel 12 – avkjørsle for 49/3

Felles avkjørsler

Avkjørsel 2 – avkjørsle for 50/30, 51/11, 51/25, 51/26, 51/31, 51/32, 51/33, 51/34, 51/35, 51/36, 51/37, 51/38, 51/43 og 51/70

Avkjørsel 3 – avkjørsle for 50/5 og 50/60

Avkjørsel 5 – avkjørsle for 50/3 og 50/51

Avkjørsel 6 – avkjørsle for 50/6, 50/17, 50/53 og 50/55

Avkjørsel 7 – avkjørsle for 50/19, 50/35 og 50/36

Avkjørsel 8 – avkjørsle for 50/2, 50/12, 50/34 og 50/59

Avkjørsel 9 – avkjørsle for 50/11, 50/22, 50/25 og 50/26

Avkjørsel 10 – avkjørsle for 49/1 og 49/4

Driftsavgjørslar:

Avkjørsel 4 – avkjørsle for 50/1

Avkjørsel 11 – avkjørsle for 49/1 og 49/209

Avkjørsel 13 – avkjørsle for 49/2

Dei direkte avgjørslene til E39 (avgjørslar 1, 2, 6,7 og 8) er mellombelse løysingar. Når tilstøytande areal blir regulert, skal desse eigedomane sikrast tilkomst via internt vegnett.

4.3 Gang- og sykkelveg, offentleg (o_SGS)

Gang- og sykkelveg skal opparbeidast med linjeføring og breidd som vist på plankartet.

Gang- og sykkelveg skal ha høgder som vist på C- og D-teikningar vedlagt reguleringsplanen +/- 1 m. Gang- og sykkelveg skal ha standard i samsvar med gjeldande vegnormalar.

4.4 Fortau (SF)

Fortau kan opparbeidast med linjeføring og breidd som vist på plankartet.

4.5 Annan veggrunn - grøntanlegg, offentlig (o_SVG)

Grøfter, skråningar og planeringsareal ligg innanfor dette føremålet. Trapper, rekkverk, murar, støyskjermar kan også plasserast innanfor føremålet. Teknisk infrastruktur som rør, kablar og slukar kan plasserast innanfor føremålet.

I tilknytning til kollektivhaldeplassane skal det etablerast sykkelparkering på annan veggrunn. Tal på plassar og utforming må avklarast med vegeigar og kommunen.

Nytt veganlegg skal utførast slik at det blir best mogleg tilpassa eksisterande terreng og omgjevnader. Alle skjeringar og fyllingar skal avsluttast inn mot terreng, slik at sideområda får ei estetisk god utforming og slik at overgangen mot eksisterande terreng blir så naturleg som mogleg.

Innanfor områda kan det mellomlagrast vekstmassar og lausmasser der det er føremålstenleg.

I område SVG4 eller SVG5 kan det etablerast transformatoriosk. Utforming og plassering skal godkjennast av Ørsta kommune.

4.6 Kollektivhaldeplass, offentlig (o_SKH)

Det skal vere kollektivhaldeplassar som vist på plankartet.

Kollektivhaldeplassane skal ha standard i samsvar med gjeldande vegnormalar.

Kollektivhaldeplassane skal opparbeidast etter prinsippa for universell utforming. Det skal setjast opp leskur i samband med kollektivhaldeplass som vist på plankartet.

4.7 Kombinerte samferdselsanlegg (o_SKF)

I område regulert til kombinerte samferdselsanlegg – køyreveg, gang/sykkelveg er det tillate å bygge undergang for gang- og sykkelveg under køyrevegen

For o_KS1 skal tverrsnittet på kulvert ha ei minimumsbreidde på 3 meter og minimumshøgde på 3,0 meter.

For o_KS2 skal tverrsnittet på kulvert ha ei minimumsbreidde på 4,5 meter og minimumshøgde på 3,5 meter.

5 4 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL (LNF)

5.1 Landbruksformål (LL)

Områda som er merka med «LL» er sett av til landbruksformål.

I områda gjeld jord- og skoglova sine føresegner.

6 5 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

6.1 Naturområde i sjø og vassdrag (VN)

Det kan gjerast tiltak for å ivareta vassføringa på ein slik måte at flaumfaren er minst mulig. Kantvegetasjon skal så langt som råd ivaretakast.

Ved inngrep i området skal området tilbakeførast til opprinneleg tilstand, eller tilsvarande naturlik utføring.

6.2 Friluftsområde i sjø og vassdrag (VFR)

Det kan gjerast tiltak for å ivareta vassføringa på ein slik måte at flaumfaren er minst mulig. Kantvegetasjon skal så langt som råd ivaretakast. Ved inngrep i området skal området tilbakeførast til opprinneleg tilstand, eller tilsvarande naturlik utføring.

76 OMSYNSSONER

7.1 Faresone - flomfare (H320)

Innanfor felt H320 skal ein ta omsyn til flaum ved prosjektering.

7.2 Faresone - høgspenningsanlegg (H370)

Før det kan iverksetjast tiltak som involverer bruk av høge maskiner eller andre innretningar som kan medføre fare for nærføing med høgspenteleidninga skal det vere dialog med netteigar. Arbeidsomfang, varslingsrutiner og anna skal avklarast med netteigar før arbeid kan iverksetjast.

7.3 Frisiktlinjer ved vegkryss (H140)

Innanfor dei viste frisiktlinjene skal det ikkje vere sikthindrande gjenstandar eller vegetasjon som er høgare enn 0,5 meter over plannivå på tilstøytande veg. Statens vegvesen og kommunen kan krevje sikthindrande element fjerna.

7.4 Vidareføring av reguleringsplan (H910)

Gjeldande reguleringsplan med føresegner skal vidareførast uendra.

8 7 OMRÅDEFØRESEGNER

8.1 Mellombels anleggs- og riggområde (#MRA1):

Mellombelse trafikkområde er areal som kan nyttast i samband med vegbygginga. Areal regulert til mellombels anleggsområde kan også nyttast til mellombels massedeponi. Det kan byggjast mellombelse vegar for avvikling av trafikk i byggje- og anleggsfasen.

Når områda blir tekne i bruk, skal dei sikrast på forsvarleg måte.

På areala kan det mellombels lagrast massar frå veganlegget og etablerast brakkerigg og lagerområde for anleggsmaskiner og driftsutstyr med plassering til minst mogleg ulempe for omkringliggjande område.

Etter avslutta anleggsperiode og seinast i løpet av sommaren etter ferdigstilling av veganlegget, skal alle råka område setjast i stand og revegetering skal vere sett i verk. Alle råka areal knytt til veganlegget skal setjast i stand og revegeterast med bruk av eksisterande vekstmassar som blir lagra i anleggsperioden. Mellombelse område skal tilbakeførast til det føremålet som er vist på plankartet eller til sin opprinnelege tilstand.

Tilkopling til og omlegging av eksisterande teknisk infrastruktur kan gjerast innanfor området der dette skulle vise seg naudsynt.

Dokument som får juridisk verknad gjennom tilvising i føresegnene

C001

C002

D101

D102

D103

X003

X004